Kulturrådet

Kulturrådet
Arts Council Norway



# Statistikk for museum 2019

Kulturrådet samlar inn, behandlar og publiserer statistikk frå norske museum. Det er eit nært samarbeid med Statistisk sentralbyrå, og museumsdata går inn i Noregs offisielle statistikk.

Utgjeve av Kulturrådet

ISBN: 978-82-8105-150-8
Kulturrådet

Postboks 4808 Nydalen
0422 Oslo

Tlf: +47 21 04 58 00
post@kulturradet.no
www.kulturradet.no

# Innhald

**Statistikk for museum 2019** **4**

Intro 4
Museumsdrift 5
Besøk 8
Utstillingar og formidling 10
Forsking og fagleg samarbeid 12
Forvalting av samlingar 13
Samlingane 13

# Statistikk for museum 2019

Statistikk 2019 for norske museum blei samla inn i februar og mars 2020 og omfattar museum med minst eitt fast årsverk i 2019. Museumsstatistikken skal gi eit oversyn over norske museum, og syner informasjon om museumsinstitusjonane, besøk og tilgang, formidling og utstillingar, forsking og samarbeid, forvalting av bygningar og samlingar. Talmaterialet femner om i alt 102 museum. Av desse fekk 69 museum driftstilskot frå Kulturdepartementet. Dei 33 andre musea er mellom anna kommunale museum, universitetsmuseum og museum under andre departement.

Talet på museum som rapporterer varierer litt frå år til år. For musea under Kulturdepartementet heng statistikkrapporteringa saman med det årlege søknads- og rapporteringsarbeidet til departementet, og ev. endringar for denne delen av populasjonen skjer i hovudsak når tidlegare sjølvstendige museumseiningar blir slått saman.

I den andre gruppa museum er nokre av dei små musea litt ustabile med innrapportering slik at dei fell ut innimellom. I rapporteringa for 2019 skapte koronakrisa  utfordringar. I det store og heile er det ingen store endringar i populasjonen frå 2018, men nokre museum har ikkje greidd å levera tal med same grad av detaljar som i fjor.

Rapporten er konsentrert om fem område. Den første delen omtalar drift, organisasjonsform, økonomi og tilsette. Del to presenterer publikumstal og tilgang til musea. Dei neste delane gir informasjon om tre av kjerneoppgåvene til musea: formidling, forsking og forvalting.

# Museumsdrift

Ser vi på perioden frå 2005 har talet på museum som er med i statistikken, gått ned frå 188 til 102 i 2019. Den store nedgangen skuldast i hovudsak konsolideringsprosessar der museum har gått saman i større organisasjonar. Over heile landet har desse prosessane gripe inn i eigarstrukturar, eigedomsforhold, organisasjonsform og organisering.

64 prosent av musea var i 2019 organiserte som stiftingar, 21 prosent var offentlege verksemder/selskapsformer, 14 prosent aksjeselskap og 2 prosent er foreining/lag. Det er verdt å merke seg at dette i hovudsak gir eit bilete av korleis museumsdrifta er organisert, medan det mange stader er dei gamle museumsstiftingane (såkalla eigarstiftingar) som framleis er formelle eigarar av bygningar og samlingar.

↘ Figur 1 – Organisasjonsform 2019




Lønns- og pensjonskostnader var den største utgiftsposten med samla 51 prosent av kostnadene. Husleige og avskrivingar utgjorde i alt 12 prosent. Utgiftsfordelinga viser at musea har ein kostnadsstruktur med høge faste utgifter. Til samanlikning utgjorde dei ordinære offentlege driftstilskota 64 prosent av driftsinntektene. Medrekna prosjekttilskot var samla offentleg tilskot til musea 71 prosent av inntektsgrunnlaget. Offentlege tilskot til musea var om lag 4,2 milliardar kroner i 2019, noko som utgjer 782 kroner per innbyggjar.

Musea sine eigeninntekter er m.a. billettinntekter, butikk- og kaféinntekter, sponsorinntekter og gåver. Totalt hadde musea eigeninntekter på 1,7 milliardar kroner i 2019 (mot 1,6 milliardar året før), noko som svarar til 29 prosent av dei samla inntektene.

Tilsvarande tal for 2005 var 31 prosent. Musea fekk 274 millionar i sponsorinntekter og gåver i 2019 mot 272 millionar året før. Dette utgjorde 5 prosent av musea sine inntekter, eit tal som har vore ganske stabilt sidan 2005, på mellom 3 og 5 prosent. I 2019 utgjorde gåveinntektene om lag 223 mill. kroner.

## ↘ Tabell 2 – Utvikling og fordeling av inntekter (i heile mill.)

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ordinært offentleg tilskot | 2 201 | 2 398 | 2 464 | 2 626 | 2 674 | 2 887 | 3 109 | 3 133 | 3 298 | 3 417 | 3 771 |
| Andre eigeninntekter | 391 | 451 | 411 | 410 | 404 | 544 | 457 | 389 | 624 | 598 | 429 |
| Billettinntekter | 238 | 258 | 286 | 286 | 269 | 323 | 331 | 351 | 397 | 399 | 401 |
| Varer og tenester | 286 | 308 | 324 | 335 | 382 | 296 | 456 | 473 | 359 | 355 | 575 |
| Ekstra offentleg tilskot | 314 | 201 | 297 | 234 | 319 | 279 | 269 | 435 | 337 | 399 | 417 |
| Sponsorinntekter og gåver | 95 | 116 | 193 | 111 | 118 | 132 | 160 | 133 | 157 | 272 | 274 |
| | **3 525** | **3 733** | **3 974** | **4 003** | **4 166** | **4 460** | **4 781** | **4 914** | **5 172** | **5 442** | **5 867** |

## ↘ Figur 3 – Prosentvis fordeling av inntekter




## ↘ Tabell 4 – Utvikling og fordeling av utgifter (i heile mill)

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Løn | 1 611 | 1 743 | 1 798 | 1 936 | 2 045 | 2 174 | 2 229 | 2 236 | 2 380 | 2 468 | 2 598 |
| Pensjon | 139 | 156 | 149 | 207 | 188 | 205 | 247 | 220 | 237 | 262 | 279 |
| Andre utgifter | 665 | 671 | 678 | 691 | 794 | 838 | 899 | 985 | 974 | 1 015 | 1 123 |
| Husleige | 355 | 403 | 398 | 417 | 371 | 442 | 489 | 456 | 511 | 515 | 574 |
| Varer og tenester | 294 | 305 | 297 | 332 | 361 | 382 | 353 | 367 | 392 | 423 | 511 |
| Drift/vedlikehald av lokale | 337 | 348 | 297 | 325 | 320 | 307 | 357 | 418 | 447 | 424 | 494 |
| Avskrivingar | 62 | 84 | 88 | 80 | 73 | 77 | 85 | 98 | 100 | 102 | 110 |
| | **3 462** | **3 710** | **3 704** | **3 988** | **4 152** | **4 425** | **4 660** | **4 779** | **5 039** | **5 208** | **5 690** |

↘ Figur 5 – Prosentvis fordeling av utgifter




↘ Figur 6 – Utvikling i tal årsverk




↘ Figur 7 – Fordeling av årsverk



### Årsverk

I 2019 vart det rapportert om 4 227 lønna årsverk i norske museum. Av desse var 3 316 faste årsverk. Dei ti siste åra har talet på årsverk i faste stillingar auka jamt. Talet på årsverk i andre lønna stillingar var 912 i 2019. I tillegg er det rapportert om samla 230 frivillige årsverk. Ein solid auke frå 191 i 2018. Sidan 2007 har dette talet vore rapportert nokolunde stabilt kring 200 årsverk. I 2005 rapporterte musea om 173 frivillige årsverk.

### Personale

I 2019 stod kvinner for 55 prosent av årsverka i faste stillingar. Kvinner utførte 48 prosent av årsverka i leiarstillingar, medan menn utførte 70 prosent av årsverka i dei tekniske stillingane. Kvinnene dominerte i dei administrative årsverka og i dei kunst-, kultur- og naturfaglege årsverka, med høvesvis 71 prosent og 61 prosent. Fordelinga mellom administrative, faglege og tekniske årsverk har endra seg noko sidan dette kom med i statistikken i 2006. Det er særskilt delen faglege årsverk som har gått opp, medan delen årsverk for teknisk personale har gått ned. I museumsstyra var 47 prosent kvinner og 53 prosent menn. Av styreleiarane var 65 prosent menn.

## Besøk

I 2019 hadde dei rapporterande musea 10,7 millionar besøk, ned frå 10,9 i 2018. Det var nedgang i besøkstal i fleire fylke, blant anna i Troms, Trøndelag og Buskerud. Den største nedgangen var i Oslo, frå 4,5 til 4,1 millionar besøk. Det skuldast at fleire av arenaene i Nasjonalmuseet har vore stengde. Oppland, Østfold, Telemark, Akershus, Nordland og Finnmark hadde alle ei positiv besøksutvikling frå 2018 til 2019.

34 museum hadde besøkstal over 100 000. Desse musea hadde om lag 75 prosent av det samla besøkstalet. 13 museum hadde registrert mindre enn 10 000 besøk. Flest besøk hadde Oslo med 4,1 millionar, 5,9 besøk per innbyggjar. Landsgjennomsnittet var 2,0 besøk per innbyggjar. Over landsgjennomsnittet låg også Oppland (3,1 besøk), Finnmark (2,8 besøk), Troms (2,2 besøk) Nordland (2,1 besøk) og Trøndelag (2,1 besøk).

2 museum hadde gratis inngang for alle heile året. For dei musea som tok inngangspengar var gjennomsnittsprisen for ein vaksenbillett 94 kroner, medan gjennomsnittspris for barnebillett var 51 kroner.

DigitaltMuseum som gir digital tilgang til musea sine samlingar, hadde i 2019 besøkstal på 4,1 mill. mot 3,4 mill. i 2018. I 2012 var besøkstalet 0,7 mill. I 2019 var det om lag 14,6 millionar besøk på musea sine heimesider.

### Barn og unge

Musea legg stor vekt på å ha eit godt tilbod til det yngste publikummet og samarbeider med skulane om besøk og formidling. 79 prosent av musea hadde ein plan for formidling retta mot barn og unge mot 77 prosent i 2018.

2,22 millionar museumsbesøk blei gjort av barn og unge i 2019. Dette tilsvarar 21 prosent av det totale besøket. 821 800 barn og unge deltok i organisert undervisning i 2019 mot 865 667 i 2018.

Talet på barn og unge som har vore med på tiltak i regi av Den kulturelle skulesekken gjekk attende kvart år frå 2010 til 2017. I 2018 gjekk talet opp,

og det heldt seg på om lag same nivå i 2019 då 238 000 barn var med på slike tiltak. 37 prosent av musea hadde i 2019 internettbaserte pedagogiske opplegg for barn og unge, mot 35 prosent i 2018.

↘ Figur 8 – Besøk (i mill)




↘ Tabell 9 – Best besøkte museumsarenaer (besøk over 100 000) Besøk 2019

| | Besøk 2019 |
|---|---|
| Botanisk hage, Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 637 121 |
| Vikingskiphuset, Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 571 579 |
| Frammuseet | 358 685 |
| Norsk Folkemuseum | 318 005 |
| Forsvarets museer* | 310 500 |
| KODE Kunstmuseer og komponisthjem* | 303 102 |
| Munchmuseet | 283 452 |
| Norsk Teknisk Museum | 239 320 |
| Nobels Fredssenter | 209 085 |
| Nidaros domkirke (Nidarosdomen) | 203 692 |
| Kon-Tiki Museet | 185 078 |
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo (innandørs utstillinger) | 149 479 |
| Norsk Oljemuseum | 147 690 |
| Maihaugen, Lillehammer museum | 147 615 |
| Astrup Fearnley Museet | 139 422 |
| Historisk museum, Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 132 768 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | 130 661 |
| Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 129 587 |
| Lofotr Vikingmuseum, Museum Nord | 104 614 |

*Leverer tal samla for fleire arenaer, ikkje sikkert om det er enkeltarenaer her som har meir enn 100 000 besøk.

↘ Figur 10 – Barn og unge som har delteke i pedagogiske tiltak (i heile 1000)




↘ Figur 11 – Tal besøk på digitaltmuseum.no (1 000)




# Utstillingar og formidling

Gjennom målretta tilrettelegging og nyskapande formidling skal musea fremje innsikt og refleksjon. Den viktigaste formidlingskanalen er utstillingane.

## Utstillingar og formidling

I 2019 hadde musea i alt 2 483 utstillingar mot 2 459 året før, og av desse vart 814 opna i løpet av 2019, mot 810 året før. Musea rapporterte i tillegg om 204 eigenproduserte vandreutstillingar, av desse var 47 nyproduserte i rapporteringsåret.

## Opne møte, konsertar, teater

Musea hadde 7 963 opne møte, 2 067 konsertar og 3 094 framsyningar av 245 teateroppsetjingar i 2019. Talet på opne møte har auka gjennom dei siste ti åra, og frå førre rapporteringsår har det vore ein auke på heile 12 prosent. Slike arrangement er ein stadig viktigare del av rolla musea har som kunnskapsarenaer og som møteplassar i lokalsamfunnet.

## Universell utforming

Når det gjeld fysisk tilrettelegging er omsynet til bevaring ei utfordring for mange av musea. 79 prosent av musea opplyser for 2019 at dei har tilrettelagde lokale, med for eksempel teleslynge, heis for rullestolbrukarar og rullestolrampar. 72 prosent av musea hadde formidling tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne, som til dømes merking med blindeskrift, teiknspråk, storskrift og lettlesen informasjon.

Då ikkje alle har tilgang til alle museumsbygg og anlegg, blir det viktig å utforme museet sine nettsider slik at fleire kan ta del i tilbodet. Musea blir spurde om heimesidene deira følgjer DIFIs retningsliner for universell utforming, og 63 prosent av musea melde at heimesidene deira følgde standarden som ligg til grunn.

↘ Figur 12 – Tal utstillingar



↘ Figur 13 – Universell utforming




# Forsking og fagleg samarbeid

Forsking og kunnskapsutvikling er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Talet på tilsette med doktorgrad har vore stigande dei siste åra, i 2019 vart det rapportert om heile 344, mot 175 i 2011 og 327 i 2018. Talet på publiserte forskingsartiklar med fagfellevurdering var 511 i 2019 mot 471 året før. Det var 53 av musea som rapporterte om tilsette med doktorgrad. Det er universitetsmusea som har flest tilsette med doktorgrad. 68 prosent av dei tilsette med doktorgrad arbeidde ved eitt av dei sju universitetsmusea. Desse musea stod også for 82 prosent av dei fagfellevurderte forskingsartiklane.

## Fagleg samarbeid

61 museum har delteke i eitt eller fleire forskings- og utviklingsprosjekt i 2019, mot 60 året før. Musea rapporterte om til saman 410 prosjektdeltakingar. Dei faglege og tematiske museumsnettverka har vore viktige plattformer for den faglege utviklinga i musea dei ti siste åra. Av dei 102 musea i statistikken deltok 48 museum i eitt eller fleire samarbeidsprosjekt i regi av desse nettverka. Fleire av desse prosjekta kan vere samanfallande med dei allereie omtala FoU-prosjekta.

## Utlån

Tala for utlån frå samlingane fortel at 60 av musea lånte ut i alt 6 450 gjenstandar til andre museum i 2019. Elles låner musea også ut fotografi, både til andre museum og til institusjonar utanfor museumssektoren.

↘ Figur 14 – Formell kompetanse




# Forvalting av samlingar

## Samlingane

Musea forvaltar og formidlar store samlingar. I alt blei det for 2019 rapportert om 23 millionar gjenstandar og meir enn 39 millionar fotografi. 78 museum forvalta i alt 5 052 kulturhistoriske bygningar i 2019, og 34 museum rapporterte om totalt 80 teknisk industrielle anlegg. 38 av musea forvalta 136 ulike kulturlandskap, med eit samla brutto areal på om lag 32 600 dekar, og 48 av musea hadde ansvar for om lag 3 360 dekar med hageanlegg. I tillegg til at musea forvaltar desse samlingane, har musea store samlingar av private arkiv. Dette går fram av statistikk som for arkivområdet blir publisert av Arkivverket.

↘ Figur 15 – Fordeling gjenstander og fotografi (i mill.)



↘ Figur 16 – Årleg tilvekst av gjenstandar




↘ Figur 17 – Årleg tilvekst av fotografi (i heile 1 000)




↘ Figur 18 – Fotografi - registrert, digitalisert og publisert



↘ Figur 19 – Kunsthistoriske gjenstandar registrert, digitalisert og publisert




↘ Figur 20 – Kulturhistoriske gjenstandar registrert, digitalisert og publisert




↘ Figur 21 – Arkeologiske gjenstandar registrert, digitalisert og publisert



↘ Figur 22 – Naturhistoriske gjenstandar registrert, digitalisert og publisert




↘ Figur 23 – Oppbevaring kunsthistoriske gjenstandar




↘ Figur 24 – Oppbevaring kulturhistoriske gjenstandar



## ↘ Figur 25 – Oppbevaring arkeologiske gjenstandar




## ↘ Figur 26 – Oppbevaring naturhistoriske gjenstandar




## ↘ Figur 27 – Oppbevaring fotografi



## ↘ Tabell 28 – Besøk, tal gjenstandar, fotografi og årsverk

| | Besøk 2019 | Gjenstandar i alt | Fotografi i alt | Årsverk i alt |
|---|---|---|---|---|
| Anno museum | 196 921 | 174 400 | 4 700 000 | 134 |
| Árran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj | 1 050 | 10 646 | 3 500 | 7 |
| Astrup Fearnley Museet | 139 422 | 1 412 | - | 17 |
| Aust-Agder museum og arkiv | 56 023 | 96 102 | 90 259 | 57 |
| Baroniet Rosendal | 66 600 | 12 700 | 500 | 22 |
| Blaafarveværket | 140 349 | 1 390 | - | 39 |
| Buskerudmuseet | 104765 | 138 936 | 269 866 | 52 |
| Bymuseet i Bergen | 135 744 | 94 451 | 88 256 | 62 |
| Dalane folkemuseum | 30 563 | 49 000 | 99 343 | 16 |
| Det Internasjonale Barnekunstmuseet | 15 249 | 150 000 | - | 3 |
| Drammens museum for kunst og kulturhistorie | 45 768 | 51 605 | 250 000 | 14 |
| Emanuel Vigelands museum | 9 054 | 7 500 | 2 000 | 1 |
| Engøyholmen Kystkultursenter | 3 700 | 1 000 | 13 | 10 |
| Falstadsenteret | 17 000 | 700 | 2 500 | 18 |
| Forsvarets museer (inkl. Forsvarsmuseet, Norges Hjemmefrontmuseum; Marinemuseet; DORA/Rustkammeret; Oscarsborg festningsmuseum og Flysamlingen Gardermoen/ Luftforsvarsmuseet) | 310 500 | 110 000 | 35 000 | 39 |
| Frammuseet | 358 685 | 1 420 | 9 900 | 10 |
| Galleri F15 | 38279 | 23 | 20 767 | 13 |
| Gudbrandsdalsmusea | 83 660 | 12 276 | 188 861 | 11 |
| Hardanger og Voss museum | 58 848 | 51 973 | 94 604 | 62 |
| Haugalandmuseet | 41 674 | 77 850 | 670 000 | 20 |
| Helgeland Museum | 71 728 | 119 121 | 629 474 | 49 |
| Henie Onstad Kunstsenter | 123 600 | 8 067 | 661 | 22 |
| Horg Bygdatun og Museumslag | - | 5 207 | 320 | 4 |
| Jærmuseet | 225 174 | 50 176 | 195 053 | 74 |
| Jødisk Museum i Oslo | 9 690 | 2 785 | 5 991 | 6 |
| Jødisk museum Trondheim | 6 714 | 2 896 | 1 960 | 3 |
| Kistefos-Museet | 47 842 | 463 | 1 943 | 9 |
| KODE Kunstmuseer og komponisthjem | 303 102 | 50 951 | 101 | 86 |
| Kon-Tiki Museet | 185 078 | 10 000 | 208 969 | 9 |
| Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 704 347 | 2 628 005 | 965 700 | 187 |
| Kulturkvartalet | 39 418 | 4 962 | - | 8 |
| Lillehammer museum | 200 647 | 87 448 | 500 000 | 89 |
| MiA – Museene i Akershus | 224 651 | 77 796 | 5 259 944 | 93 |
| Midt-Troms Museum | 33 630 | 30 050 | 66 400 | 13 |
| Mjøsmuseet | 68 274 | 31 274 | 820 000 | 18 |
| Munchmuseet | 314 036 | 41 180 | 374 | 113 |
| Musea i Sogn og Fjordane | 60 348 | 125 983 | 37 503 | 53 |
| Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark | 46 573 | 14 386 | 48 009 | 25 |
| Museene i Sør-Trøndelag | 304 304 | 207 856 | 4 063 825 | 205 |
| Museet Midt | 76 623 | 22 279 | 8 569 | 38 |
| Museum Nord | 243 906 | 82 392 | 387 963 | 104 |
| Museum Stavanger | 212 584 | 150 748 | 64 367 | 56 |
| Museum Vest | 173 191 | 32 690 | 80 061 | 57 |
| Museumssenteret i Hordaland | 27 788 | 40 230 | 17 658 | 48 |
| Narviksenteret m/Narvik Krigsmuseum | 36 119 | 29 606 | 8 015 | 10 |
| Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design | 130 344 | 409 760 | - | 216 |
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 786 600 | 6 020 500 | - | 150 |
| Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider | 249 347 | 13 045 | 20 000 | 66 |
| Nobels Fredssenter, Stiftelsen | 209 085 | 1 | 1 030 | 32 |
| Nordlandsmuseet | 87 775 | 54 441 | 272 120 | 48 |
| Nordmøre museum | 77 059 | 51 360 | 236 498 | 20 |

| | Besøk 2019 | Gjenstandar i alt | Fotografi i alt | Årsverk i alt |
|---|---|---|---|---|
| Nordnorsk Kunstmuseum | 54 349 | 2 167 | - | 13 |
| Nord-Troms Museum | 11 150 | 19 185 | 52 780 | 8 |
| Norsk Bergverksmuseum | 37803 | 52 865 | 37 163 | 21 |
| Norsk bremuseum | 78 074 | 3 | 44 | 7 |
| Norsk Folkemuseum | 570 880 | 335 842 | 2 550 000 | 226 |
| Norsk Industriarbeidermuseum | 100 501 | 14 864 | 583 372 | 41 |
| Norsk Jernbanemuseum | 30 362 | 9 979 | 80 000 | 26 |
| Norsk Luftfartsmuseum | 60 767 | 16 502 | 66 120 | 28 |
| Norsk Oljemuseum | 147 690 | 6 068 | 105 000 | 25 |
| Norsk rettsmuseum (NRM) | 6 583 | 21 228 | 8 585 | 6 |
| Norsk Skogfinsk Museum | 17 738 | 34 580 | 341 000 | 5 |
| Norsk Teknisk Museum | 252 984 | 91 643 | 2 553 000 | 68 |
| Norsk Tindemuseum | 17 715 | 6 898 | 10 940 | 4 |
| Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum | 26 682 | 12 123 | 150 000 | 16 |
| Norsk vegmuseum | 86 266 | 10 555 | 60 000 | 33 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | 130 661 | 3 387 163 | 75 | 141 |
| Nynorsk kultursentrum | 28 491 | 9 000 | 565 | 25 |
| Næs Jernverksmuseum | 16 308 | 8 301 | 93 | 7 |
| Oppdalsmuseet | 4 113 | 5 000 | - | 2 |
| Oslo ladegård - Kulturetaten | 7 091 | - | - | 2 |
| Oslo Museum | 71 099 | 35 682 | 984 900 | 37 |
| Oslo Skolemuseum | 3 062 | 2 875 | - | 4 |
| Perspektivet Museum | 25 243 | 15 439 | 474 254 | 7 |
| Preus museum | 13 687 | 56 108 | 816 167 | 12 |
| Randsfjordmuseet | 18 488 | 30 838 | 577 782 | 16 |
| RiddoDuottarMuseat | 13 088 | 9 890 | 24 466 | 14 |
| Romsdalsmuseet | 97 854 | 28 182 | 1 440 000 | 21 |
| Ryfylkemuseet | 18 145 | 21 701 | 138 482 | 16 |
| Skibladner | 20 154 | - | - | 12 |
| Stabbursnes Naturhus og Museum | 2 476 | 75 | - | 3 |
| Stiftelsen Saemien Sijte | 1 772 | 555 | 23 060 | 8 |
| Stiftelsen Tana og Varanger Museumssiida - Deanu ja Várjjat Museasidda Vuoddudus | 30 776 | 6 260 | 18 841 | 0 |
| Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 166 092 | 77 344 | 611 041 | 56 |
| Sunnhordland Museum | 26 521 | 22 699 | 31 219 | 8 |
| Sunnmøre Museum | 120 756 | 39 588 | 322 854 | 32 |
| Svalbard museum | 48 130 | 56 007 | 27 868 | 14 |
| Sørlandets Kunstmuseum | 49 451 | 1 608 | - | 30 |
| Sør-Troms Museum | 57 240 | 45 987 | 56 922 | 28 |
| Telemark Museum | 73 165 | 109 326 | 2 679 569 | 43 |
| Tromsø Museum - Universitetsmuseet | 179 225 | 882 860 | 367 975 | 94 |
| Universitetet i Stavanger, Arkeologisk museum | 62 672 | 1 418 679 | 199 351 | 95 |
| Universitetsmuseet i Bergen | 67 453 | 4 339 128 | 306 199 | 154 |
| Valdresmusea | 52 776 | 28 882 | 395 558 | 19 |
| Varanger museum | 55 739 | 29 878 | 94 258 | 25 |
| Vardobáiki museum | 1 022 | 541 | 20 000 | 2 |
| Verdensarvsenter for bergkunst – Alta Museum | 62 131 | 3 149 | 6 376 | 30 |
| Vest-Agder-museet | 119 375 | 58 954 | 206 040 | 49 |
| Vestfoldmuseene | 165 224 | 67 792 | 834 439 | 72 |
| Vest-Telemark museum | 34 216 | 22 753 | 110 327 | 19 |
| Vitenparken Campus Ås | 79 948 | 8 491 | 324 694 | 22 |
| Østfoldmuseene | 101 590 | 116 918 | 984 991 | 63 |
| | **10 658 209** | **23 031 197** | **39 104 247** | **4 227** |

## ↘ Tabell 29 – Organisasjonsform 2019

| Fylke | Tal på einingar | Foreining/ Lag | Stifting | Aksje-selskap | Inter-kommunalt Selskap | Kommunal Verksemd | Statleg Verksemd |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 2 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Akershus | 3 | 0 | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oslo | 17 | 0 | 10 | 1 | 0 | 3 | 3 |
| Hedmark | 3 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 1 |
| Oppland | 8 | 0 | 2 | 5 | 0 | 0 | 1 |
| Buskerud | 4 | 0 | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Vestfold | 2 | 0 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Telemark | 3 | 0 | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Aust-Agder | 2 | 0 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Vest-Agder | 2 | 0 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Rogaland | 8 | 0 | 5 | 2 | 0 | 0 | 1 |
| Hordaland | 9 | 0 | 8 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 0 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Møre og Romsdal | 6 | 0 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Trøndelag | 11 | 2 | 3 | 2 | 1 | 1 | 2 |
| Nordland | 7 | 0 | 6 | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Troms – Romsa | 6 | 0 | 4 | 1 | 0 | 0 | 1 |
| Finnmark – Finnmárku | 6 | 0 | 3 | 0 | 3 | 0 | 0 |
| Svalbard | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **I alt** | **102** | **2** | **65** | **14** | **7** | **4** | **10** |

## ↘ Tabell 30 – Inntekter (i heile 1 000)

| Fylke | Innbyggjar-tal* | Billett-inntekter | Varer og tenester | Sponsor-inntekter | Gåver | Andre eigen-inntekter | Ordinært driftstilskot frå staten | Ordinært driftstilskot frå fylkes-kommune | Ordinært drifts-tilskot frå kommune | Ekstra tilskot frå staten | Ekstra tilskot frå fylkes-kommune | Ekstra tilskot frå kommune | Inn-tekter i alt | Eigen-inntekter som del av totale inntekter | Ordinært offentleg driftstil-skot per innbyggjar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 299 647 | 1 442 | 3 822 | 1 408 | 1 088 | 347 | 42 500 | 21 765 | 16 334 | 3 738 | 1 211 | 1 020 | 94 675 | 9 % | kr 269 |
| Akershus | 630 752 | 7 836 | 21 958 | 1 825 | 3 243 | 21 183 | 55 408 | 30 177 | 20 340 | 7 649 | 3 081 | 3 636 | 176 336 | 32 % | kr 168 |
| Oslo | 690 335 | 157 397 | 213 268 | 26 068 | 39 437 | 113 519 | 1 137 586 | - | 142 566 | 68 269 | - | 4 311 | 1 902 421 | 29 % | kr 1 854 |
| Hedmark | 197 831 | 9 759 | 12 507 | - | 2 000 | 1 853 | 108 359 | 20 666 | 4 718 | 9 234 | 1 728 | 1 195 | 172 018 | 15 % | kr 676 |
| Oppland | 189 437 | 23 433 | 27 445 | 2 178 | 141 013 | 13 160 | 143 248 | 17 399 | 15 005 | 27 998 | 1 495 | 1 500 | 413 874 | 50 % | kr 927 |
| Buskerud | 284 955 | 9 705 | 27 623 | 155 | 3 588 | 2 688 | 59 470 | 22 400 | 14 126 | 3 322 | 1 661 | 1 115 | 145 853 | 30 % | kr 337 |
| Vestfold | 252 034 | 3 482 | 6 729 | - | 1 915 | 763 | 51 845 | 27 055 | 15 537 | 6 964 | 3 046 | 566 | 117 902 | 11 % | kr 375 |
| Telemark | 173 249 | 7 468 | 10 134 | 2 484 | 7 521 | 1 400 | 43 735 | 13 576 | 11 158 | 20 432 | 12 607 | 3 151 | 133 666 | 22 % | kr 395 |
| Aust-Agder | 118 127 | 1 303 | 6 955 | - | 160 | 3 266 | 26 418 | 14 552 | 14 630 | 871 | 4 945 | 5 687 | 78 787 | 15 % | kr 471 |
| Vest-Agder | 188 722 | 4 218 | 5 839 | - | 66 | 3 614 | 42 702 | 15 204 | 13 543 | 17 237 | 2 395 | 3 000 | 107 818 | 13 % | kr 379 |
| Rogaland | 478 910 | 18 981 | 23 304 | 5 503 | 2 031 | 58 575 | 143 067 | 39 985 | 46 092 | 6 845 | 5 364 | 11 110 | 360 857 | 30 % | kr 478 |
| Hordaland | 527 228 | 42 161 | 54 937 | 4 491 | 6 221 | 80 119 | 277 651 | 50 091 | 100 774 | 19 924 | 6 638 | 7 561 | 650 568 | 29 % | kr 813 |
| Sogn og Fjordane | 109 531 | 6 221 | 5 760 | - | 460 | 100 | 38 630 | 15 450 | 7 129 | 1 599 | - | - | 75 349 | 17 % | kr 559 |
| Møre og Romsdal | 265 540 | 8 798 | 18 508 | 1 806 | 3 210 | 4 151 | 63 425 | 22 591 | 15 301 | 7 369 | 3 900 | 1 701 | 150 760 | 24 % | kr 382 |
| Trøndelag | 466 128 | 45 212 | 59 585 | 4 335 | 8 815 | 92 722 | 356 486 | 51 812 | 25 639 | 33 923 | 22 744 | 10 415 | 711 687 | 30 % | kr 931 |
| Nordland | 242 448 | 33 830 | 52 454 | 250 | 2 300 | 28 431 | 92 767 | 26 520 | 27 381 | 3 549 | 12 232 | 1 033 | 280 747 | 42 % | kr 605 |
| Troms – Romsa | 166 375 | 8 517 | 9 736 | - | 174 | 782 | 101 651 | 11 165 | 12 021 | 20 518 | 4 724 | 1 549 | 170 837 | 11 % | kr 750 |
| Finnmark – Finnmárku | 75 540 | 7 542 | 9 529 | - | - | 2 349 | 49 441 | 5 731 | 12 890 | 8 403 | 1 643 | 287 | 97 814 | 20 % | kr 901 |
| Svalbard | - | 3 655 | 5 276 | - | - | - | 14 795 | - | - | 928 | - | - | 24 654 | 36 % | |
| **I alt** | **5 356 789** | **400 960** | **575 369** | **50 503** | **223 242** | **429 021** | **2 849 184** | **406 139** | **515 184** | **268 771** | **89 414** | **58 837** | **5 866 623** | **29 %** | **kr 704** |

*Tal frå SSB, 4. kvartal 2019

## ↘ Tabell 31 – Utgifter (i heile 1 000)

| Fylke | Varer og tenester | Løn | Pensjon | Av-skrivingar | Drift av lokale | Ved-likehald av lokale | Hus-leige-kostnader | Andre drifts-kostnader | Totale kostnader |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 2 981 | 46 066 | 6 182 | 4 007 | 2 363 | 11 266 | 8 366 | 13 172 | 94 403 |
| Akershus | 5 679 | 81 217 | 11 484 | 4 781 | 12 542 | 3 056 | 2 246 | 54 874 | 175 879 |
| Oslo | 145 789 | 772 200 | 77 116 | 35 891 | 32 848 | 58 221 | 298 907 | 422 780 | 1 843 752 |
| Hedmark | 3 069 | 86 142 | 9 904 | 1 165 | 26 385 | 10 057 | 5 643 | 26 717 | 169 082 |
| Oppland | 43 928 | 131 900 | 13 324 | 6 395 | 15 688 | 19 334 | 3 735 | 62 200 | 296 504 |
| Buskerud | 13 795 | 69 924 | 6 846 | 1 729 | 7 997 | 11 899 | 5 800 | 24 282 | 142 272 |
| Vestfold | 9 043 | 62 549 | 6 484 | 1 542 | 6 805 | 1 818 | 4 079 | 24 733 | 117 053 |
| Telemark | 7 096 | 57 841 | 6 256 | 1 889 | 7 375 | 26 433 | 1 399 | 24 083 | 132 372 |
| Aust-Agder | 1 534 | 39 884 | 4 530 | 192 | 3 474 | 1 274 | 452 | 13 867 | 65 207 |
| Vest-Agder | 5 767 | 48 637 | 5 715 | 2 663 | 4 607 | 13 067 | 1 426 | 28 821 | 110 703 |
| Rogaland | 44 055 | 180 553 | 25 060 | 4 511 | 14 537 | 7 629 | 14 337 | 56 937 | 347 619 |
| Hordaland | 100 433 | 300 299 | 28 995 | 16 516 | 22 628 | 26 427 | 88 975 | 89 597 | 673 870 |
| Sogn og Fjordane | 2 136 | 35 234 | 3 166 | 1 903 | 3 318 | 1 285 | 6 606 | 14 251 | 67 899 |
| Møre og Romsdal | 12 693 | 81 167 | 7 525 | 5 963 | 9 091 | 6 206 | 2 548 | 25 234 | 150 427 |
| Trøndelag | 79 271 | 329 041 | 36 187 | 3 788 | 31 087 | 46 852 | 66 459 | 115 615 | 708 300 |
| Nordland | 18 355 | 123 932 | 12 206 | 12 220 | 20 365 | 9 234 | 26 257 | 50 457 | 273 026 |
| Troms | 6 141 | 89 443 | 10 900 | 3 738 | 9 788 | 5 013 | 21 662 | 52 191 | 198 876 |
| Finnmark | 7 286 | 55 670 | 7 398 | 405 | 2 796 | 458 | 5 646 | 21 253 | 100 911 |
| Svalbard | 2 050 | 6 071 | 154 | 304 | 934 | 231 | 9 646 | 2 260 | 21 650 |
| **I alt** | **511 101** | **2 597 770** | **279 432** | **109 601** | **234 629** | **259 760** | **574 189** | **1 123 324** | **5 689 806** |

## ↘ Tabell 32 – Årsverk

| Fylke | Faste stillilngar | | | Mellombelse stillingar | | | Arbeidsmarknadstiltak | | | Lærlingar | | | | |
